Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skodje

Emne: Bygdelag: Tyllingsbygd

Oppskr. av: Ludvig Tylling Gard: Tylling

(adresse): Skodje pr. Ålesund G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

født 1/10-1879 - gardbrukar

SVAR

Transport av høy.

Dette emne er like aktuelt som sjølve husdyrhalde, og det er so gamalt i Noreg, at dei som granskar disse ting, seier her hev vore halde husdyr heilt tilbake til steinaldertida. Det er då sjølvsagt at dette arbeide i likheit med alt anna hev skifta former i dei mange hundrad år. Dette skal me no prøva å svara på. Men der er eit anna vandare spyrgsmål, som sjølv høglærde folk grunda på. Korleis kunne det få skare av i roti, når dei ikkje hadde anna reidskap enn av stein?

1) Det hev alltid vore annorleis for ein husmann (pladsemann) å berga i hus høyet, enn for ein gardbrukar som hev hest.

Husmannen må bera eller draga, mens den andre nøytar hesten

104

Der det er framkåmeleg med hest. Høyslåt i utmark var vanleg heranikring. Attåt innhegna sæterstølar som og var gjødsla var det innhegna store teigar av bedste beitemarki, som ein slo. Der hadde ein bra høyløer til å hava høyet i, og køyrde det so heim på vinterføre. Sameleis sæterhøyet. Denne driftsmåte gjeng sikkert tilbake på den tid, då heimebøarne ikkje var dyrka, å kunde gjeva avling. Han såg ut på det "steinuttet stundet, det var ingen som der hadde bygd" hasen. Etter kvart som dyrkninga hev skrede fram, hev utslåttane vorte avlegs. So no er heranikring slutt med alle slike utslåttar, anna dei inngjerde sæterstølar. Måten som husmannen transporterte høyet på, var på kortare avstand) å bera i tog (teig) på ryggen. Frå markaløa drog han på ein stor kjelke på vinterføre med høytang og (tangsim) til fjøsen.

2 f) Transporten til utløa foregjikk etter som terenget var. I ulendt mark kunde ein bera i band, lage store vellar å rulle undan bakke til løa. Ein kunde bera i fangen som ein sa, når det var for løa.

104

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Som oftaste bygde ein slike höyløer enten på, enn nær ein slett voll, so den skulde vera letvint å turka höyet i nærleik av löa. Der ein ikkje kunde finna lagelege turkepladser måtte ein hesja höyet. Ellest kunde ein raka det saman frå rumman og skas, å breida det i flekkar. Disse flekkar kunde vera store eller små alt etter den pladsen ein fann seg og etter den mengde höy ein hadde. Tar å få graset på slike pladser i rå tilstand kunde ein ofta bruke ein sloge. Denne var oftaste av ei björkabuske, helst med ei rik krune. Den var då ikkje större enn den kunde ~~turast~~ handterast av eit mennesTje. Ein brukte då leggen å draga i, å so leste ein klå-höyet på toppen so mykje som der kunde ligge. Det var ikkje vanleg å turre graset på slogen. Når ein fekk ein tørredag på desse (ofta) småflekkarne fekk ein sota höyet i såter. Disse vart då neste tørredag samla på den store turkepladsen, anten det var i utslåttar nær höyløa der, end det var

104

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i heimetunet. Såtene var laga
av kjember lagde om kors, den
eine opp på den andre, å skulde
korsfa opp so dei slepte vatne
i regnvêr. Kjemba laga ein på
dess måten, å kara høyet ind
til seg med riva til det var
passeleg stor. Storleiken på ei
såte med slikt skogshøy var
jamnaste slik, at når ein saman
tok den å klemde den saman
so fende han rundt den, å
tok den med seg. Det kunde
og vera ein annen måte å
bera såten på. Ein skar seg
eit band av bjørkarenning
kløyvde (reiv) den etter mer-
gen, so knytte ein topparne
saman. Dette bandet la ein
so ned på marki, å kunne
setja på det 2 såtor. For å bera
denne børa, la ein den eine enden
av bandet opp etter ryggen og den
andre enden tok etta over aks=
li og helt fast med hendene.
Dess var då tyngda av byrå som
pressa den andre endess ind til
ryggen. Det er nok dette ein
sume stadar kallar børsvolken
eller kipeband. Å bera turr-
høy i band var ofta eit vandig
arbeide. Den som var flinkt
å legga i byre, kunde laga den

104

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

slik, at byra låg mest opp på skuldrarne, medan andre bygden med på bakken par, so ein ikkje kunne røra føtne.

3) Transport av høy med hest om sumar.

For ca 90–100 år tilbake var hermkring få eller ingen som hadde vogner til å transportera korkje høy ein anna tuvande på. Det var heller ikkje vegar å nytta slike greier på. Ein brukte då sledar til transport med hest. Der synes enda far (spor) etter slike gamle sle-vegar. Ja ein la oft på kumnar (tverbre) i slike gamle vegar, so sledarne skulde gli lettare med tunge lass. Desse sledar var laga av bjørk, med passande bøyg til kvar del av sleden. Slegarne var understellet som det andre vart bygd på. So var det stabbend som bar hynningarne (tverbre) langsetter oppå desse låg rimane og sle tred bandt understell og rimarne saman. I framenden hadde ein reiende som skjekerne var festa i. Ein slik sumarslede kunne vera omlag $3\frac{1}{2}$ alen lang og $1\frac{1}{2}$ alen breid. Desse sledar til sumarkjøyring var aldrig skodd. Ellest var der ingen skodde 104

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

slear, so langt tilbake i ti-
da som hundrad år sidan.
Dei slear som var bruka til
vinterkjøyring var av større
dimensjonar, då den gjekk let-
tare på snøføre enn på bar
mark. Kor store byre ein
kunde greida bera, var avhen-
gig av kor flink mannen
var å laga byra. Ei byre på
ca 50-60 ja opptil 70 kg var
stor å kunna mykje. Hjelparen
som velta byra på stod
altid bak. Ein rekna oftaste
5 byrar i eit hestelass. Om
ein la bandet over aksli
enn opp på hovude var
so forskjellig etter berarens
eigne behag. Høylasset var
surra på sleden med høy-
taug og (taug-sim) tau. Var
terrenget ujamnt, måtte ein
og hava medkjøyringar tverr-
kjøyringar 2 st attåt.
Gamle-sleovegar hadde sjøl-
sagt sin avgjorte rett og plass.
Ein var ofta nøyd å kjøyra
over eigedomen til fleire gran-
nar, å slike rettar heng gjenge
til hevd for seinare kjøy-
rettar inntil våre dagar.
Kring 1840 og framover kom
so den oppfinninga å laga



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

seg vognen. Disse kunde ein då nyttå til transport både av høy og gjødsel på slett mark. Vegar var her endå ikkje nemnande, anna millom byen og dei største og viktigaste grender. Tyske vegen gjennom vår bygd, vart broten 1856. Med den nye kjøyredaning vogna vart det so mykje lettare for transporten. Det var ingen stas-greier mot det fine no tid. Sovel hjula som aksling var laga av turr god bjørk, og grove demisjoner. Skoning på hjula hadde ein ikkje. Seinare kunde framtøkne menn laga bryningar av jarn inn i akslingsholo på hjula, å då føra dei og akslingen med jarn på same pladsen. So smurtse ein rikeleg med gamal fiskelever av det heile spinga inn fei nyare tid. Til høyköyring laga ein seg då vognar c.a 4 alen lang og 2 alen breid. Til å feste høyet brukte ein framleis høytang og tangsim Der finst endå eksemplarer av disse fyrste hjulgangar men dei høyrer sjølsagt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

104

antikvariteten til no. Nokka
som kallast hjul sledar hev
ikkje vore bruka i våre byg-
der; men eg hev høyrt nam-
net nemnt, helst ute i øyane.
I sidste halva av førrige
år handrad byrja då ein
og annen å få jarn akslingar
til kjøyredoningen sin. So
når der vart laga vegar med
grus på, måtte ein sko jula.
Dette nye hjul-greiene vart
då festa undir høyvognen
til å byrja med, lette ein
høyet, både på slede og vogn
med å lata kjømben å lyfte dei
opp på lasset ei for ei.
Heimane stod kjøyrekaren
opp i lasset å rokka å jamn-
ta lasset. Då måtte taksta
jenta kasta høyet i stangen
opp til han. Dette var sjøl-
sagt ein hard jobb serleg for
kvinnfolk. So var det då
ein og annen framtøkt bon-
de som fann på, å laga
seg grindar (karmar) på
vogna si. Dette var eit
stort framskritt som
letta brykkje arbeide for
høybergingi. Kring sidste hun-
dradårsskiftet fekk me
høyggaflar. Med dette reidskap



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

å so kaman på høyvagna
kam so dette arbeide inn i
ein ny fase. Den gamle må-
ten å ttyka høyet i fangan å hi-
va det opp på lottet er forlengst
avlagd. No kan ein på få mi-
nuttar fylla vagna når ein
brukar gaffelen og ein annen
traktor. Ukset. Samstundes er dei
nye lø-hus bygde soleis at innkjøyra-
sla ligg høgre i løa, so det er
lettare å lessa høyet av vagna.
Alt arbeide må gå fortare no.
Stølingarne vert større og arbeids-
hjelpa er vand å få tak i og
kostbar. —

Men framme i marka
fram på „Snørhøyslåtta"
kan ein endå sjå grunnstein-
nar av ei gamal høyløe. Ja der
er mange slike tufter. Leitar
ein vel, kan ein finna råtne
tre stubbar av tømmer frå løa.
Dette og meir slikt minnar
om fedres kamp og strid for
tilværet. Ja endå kan me
synga med Aasen, at graset
gror på bøen, og kornet på gamal
tuft. Jau her er sameleis
nok af sædejord nok, bare vi
bare hi, hadde kjærlighed nok.

Januar 1947 Ludvig Fylling

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
104